

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.06.2010
Sakhandsamar: **Hans Stenby**
Saka gjeld: **Ny samansetting av Regionalt brukarutval i Helse Vest**

Arkivsak

2004/127/

Styresak 077/10 B

Styremøte 22.06. 2010

Forslag til vedtak

1. Medlemmene til Regionalt brukarutval for perioden 2010-2012 vert oppnemnde i samsvar med saksføreleget.
2. Styret ber om at administrasjonen, i samarbeid med brukarutvalet, gjer ei vurdering av systemet for oppnemning med særleg fokus på korleis rusområdet kan bli betre representert og om store organisasjonar utanom samanslutningane skal ha eigen representasjon.

Oppsummering

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) og eldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland har spelt inn kandidatar til Regionalt brukarutval i Helse Vest. Forslaget frå organisasjonane medfører at FFO får to medlemmer frå kvart fylke medan SAFO har to medlemmer totalt og eldreråda har eit medlem i Regionalt brukarutval. Sidan SAFO og eldreråda ikkje har hatt medlemmer frå Sogn og Fjordane dei to siste periodane, har desse organisasjonane meldt inn medlemmer frå Sogn og Fjordane og det vert difor flest brukarutvalsmedlemmer frå Sogn og Fjordane i denne perioden. Regionalt brukarutval skal representere brukarane av spesialisthelsetenesta. Kreftforeningen har bedt om å få ein eigen representant i Regionalt brukarutval i Helse Vest. Det vert her gjort greie for prinsipielle sider og konsekvensar av dette.

Fakta

Regionalt brukarutval blei vedteke oppretta i styremøte 27. mai 2002, sak 51/02. Det går fram av saka at Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen. Regionalt brukarutval hadde sitt første konstituerande møte 27. juni 2002. Det blei oppnemnd ny samansetting av utvalet med verknad frå hausten 2008. Siste møte i utvalet med noverande samansetting vart halde 15. juni 2010.

I styresak 051/02 vart desse kriteria lagt til grunn ved samansettinga av utvalet:

Medlemmene skal være geografisk jevnt fordelt i regionen. Det skal tilstrebdes mest mulig lik fordeling mellom kjønnene, og det skal være en rimelig aldersfordeling.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) blir bedt om å foreslå hhv. 6 og 2 medlemmer hver. Det forutsettes en bredes mulig representasjon av organisasjonenes medlemsmasse, slik at ulike pasientgrupper innen både somatikk og psykiatri blir representert. Dette innebærer at både tradisjonelt svært synlige pasientgrupper og mindre synlige grupper kronikere og pasientgrupper med såkalte "ubestemte" lidelser, skal sikres representasjon. Det samme gjelder pasientgrupper som ikke er i stand til å ivareta sine egne interesser, som f.eks. barn og grupper av eldre.

I samsvar med oppdragsdokumentet til Helse Vest og styringsdokumenta til helseføretaka for 2004 skal fylkeseldreråda også vere representert i brukarutvala. Regionalt brukarutval vil då inkludere i alt ni medlemmer.

I tråd med dette bad Helse Vest i brev av 19. mars 2010 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) og Fylkeseldreråda i Helseregion Vest om å foreslå medlemmer til Regionalt brukarutval, for ein ny periode på to år.

Det er i etterkant av dette arbeidd med å revidere retningslinjene og rammene for Regionalt brukarutval i Helse Vest. Dette arbeidet er nedfelt i "Retningslinjer og rammer for Regionalt brukarutval i Helse Vest" og behandla av styret i møte 01.06.10, jf sak 061/10. Styret gjorde vedtak i tråd med innstillinga.

Når det gjeld samansetning er det i dei nye retningslinene også peika på at rusfeltet bør vere representert i brukarutvalet. Det blei ikkje særskild nemnd i brevet til organisasjonane av 19. mars 2010.

Dette er såleis ikkje avspeglia i det forslaget som organisasjonane har sendt inn og som her ligg til behandling.

Utover dette har Kreftforeningen bedt om å vere representert i Regionalt brukarutval i Helse Vest.

Kommentar

Forslag får organisasjonane

Organisasjonane har føreslått desse personane som medlemmer i Regionalt brukarutval for perioden 2010 til 2010:

- Njål Idsøe, FFO Rogaland / Norsk Revmatikerforbund
- Steinar Andersen, FFO Rogaland / Landsforeningen for hjerte- og lungesyke

- Solfrid Lillebø, FFO Sogn og Fjordane / Mental Helse
- Knut Aarethun, FFO Sogn og Fjordane / Diabetesforbundet
- Gunn Leiknes, FFO Hordaland / Norsk Parkinsonforbund
- Helen Aareskjold, FFO Hordaland/ Norges Blindeforbund
- Else Berit Ingvaldsen, SAFO Hordaland/ Norsk forbund for Utviklingshemmede
- Renate Berg, SAFO Sogn og Fjordane/ Norges Handikapforbund
- Eivind Skjerven, Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane

Varamedlemmer:

- varamedlem fra FFO Rogaland: Elisabet Salte, Norges Astma- og Allergiforbund
- varamedlem fra FFO Rogaland: Kari Toftøy-Andersen, Noregs Fibromyalgiforbund
- varamedlem fra FFO i Sogn og Fjordane: Oddveig Birkeland, Norsk Revmatikerforbund
- varamedlem fra FFO Sogn og Fjordane: Odd Hansen, Hørselshemmedes Landsforbund
- varamedlem fra Hordaland: Terje Larsson, Hørselshemmedes Landsforbund
- varamedlem fra FFO Hordaland: John Thorbjørnsen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Varamedlem fra SAFO (for Else Berit Ingvaldsen): Steffen Hauerbach, Norsk forbund for Utviklingshemmede
- Varamedlem fra SAFO (for Renate Berg): Ingeleiv Haugen, Norges Handikapforbund
- Varamedlem fra fylkeseldrerådet i Rogaland: Magne Sjøtun

Heile helseregionen er representert i forslaget til nytt Regionalt brukarutval. FFO vil få to representantar frå kvart fylke. Det blir totalt 2 medlemmer frå Rogaland, 3 frå Hordaland og 4 frå Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane får altså flest medlemmer. Dette heng saman med at SAFO tidlegare ikkje har hatt medlemmer frå Sogn og Fjordane og no fremjar forslag om ein medlem derifrå. Det er to periodar sidan eldrerådet har hatt medlem frå Sogn og Fjordane og eldreråda fremjar no forslag om brukarutvalsmedlem frå Sogn og Fjordane.

Elles synast det å bli ein tenleg representasjon av medlemsmassen i organisasjonane.

Representasjon frå rusfeltet

Medlemmene til Regionalt brukarutval blir oppnemnde ut frå forslag frå organisasjonane som vist ovanfor. FFO og SAFO representerer mange einskildorganisasjonar til saman og alle vil ikkje bli representerte. Dei oppnemnde medlemmene skal difor representere brukarane av spesialisthelsetenesta og ikkje einskildorganisasjonane.

Rusfeltet har ikkje i dag same grad av brukarorganisering og er ikkje representert i nokre av samanslutningane, men nokre av brukarorganisasjonar har fokus på rusproblem. Det er samstundes eit viktig felt der kontakt med representantar for brukarane er viktig. Det er avspeglia i dei nye retningslinjene for Regionalt brukarutval i Helse Vest som blei godkjende i styremøtet 1. juni 2010. I desse retningslinjene går det fram at rusfeltet skal ivaretakast i Regionalt brukarutval.

Desse retningslinjene vil bli lagt til grunn for oppnemninga frå 2012. Helse Vest RHF må fram til dette i samarbeid med det nye brukarutvalet vurdere korleis rusfeltet best mogleg kan ivaretakast.

Representant frå Kreftforeningen

Helse Vest tek i dag ikkje kontakt med einskildorganisasjonar om oppnemning av medlemmer til brukarutvalet. Helse Vest ber om forslag frå samanslutningane som då har eit ansvar for samordning og koordinering av forslaga. Desse samanslutningane, særleg FFO, har også viktige oppgåver knytt til organisering av brukarmedverknad, opplæring av brukarar og støttetenester for mange organisasjonar. Det kan her visast til dei tre FI-sentra i regionen (Funksjonshemmedes Informasjonssenter) kor det er etablert ein felles infrastruktur for medlemsorganisasjonane. Dette er ei tenleg ordning, men har den svakheit at grupper/organisasjonar som ikkje er tilslutta samanslutningane difor ikkje kan bli direkte representerte.

Kreftforeningen er ein stor og viktig organisasjon med stor medverknad i nasjonalt arbeid på kreftområdet. Kreftforeningen er også noko annleis organisert enn andre brukarorganisasjonar. Dersom Kreftforeningen skulle ha ein direkte representant vil det vere å legge seg på eit nytt prinsipp for oppnemning.

Dersom styret vil opne for at Kreftforeningen får ein plass i Regionalt brukarutval vil dette innebere nokre utfordringar:

- a) Brukarutvalet har no 9 medlemmer. Det er tenleg om eit slikt utval ikkje vert for stort. Dersom Kreftforeningen no vert representert må ein vurdere om det skal påverke det totale talet på medlem i Regionalt brukarutval eller om det må gjerast ei omfordeling med omsyn til kor desse ni medlemmene blir rekrutterte frå. Ei eventuell omfordeling vil også innebere at balansen i den samansettningen som det er gjort framlegg om blir endra. Det betyr at det må gjennomførast ein ny prosess for oppnemning av nytt brukarutval. I så tilfelle må funksjonstida for det sitjande brukarutvalet prolongerast fram til oppnemning kan finne stad.
- b) Kreftforeningen er ein viktig aktør i helsetenesteutforminga og har fleire arbeidsområde (forsking, helseopplysning, førebygging og behandling, hjelp til kreftpasientar/pårørande, talerøy for kreftsaka, internasjonalt arbeid). Trass i at Kreftforeningen talar kreftsjuke si sak er denne organisasjonen ikkje ein brukarorganisasjon i ordinær forstand og heller ikkje heilt lik dei andre paraplyorganisasjonar. Til dømes er styra i dei andre paraplyorganisasjonane sett saman av brukarorganisasjonane medan styret i Kreftforeningen er sett saman av andre ressurspersonar.
- c) Dersom det vert gitt plass til Kreftforeningen må ein vere merksame på at andre organisasjonar også vil kunne be om og argumentere for å få ein særskilt plass i Regionalt brukarutval.

Det er heller ikkje slik at pasientar med kreft ikkje er representerte i dagens ordning. Fleire av organisasjonane i FFO representerer pasientar med kreftsjukdommar og kan såleis vere direkte representerte i Regionalt brukarutval dersom FFO føreslår desse som kandidatar.

Spørsmålet om at Kreftforeningen bør ha ein fast medlem i Regionalt brukarutval er lagt fram for Regionalt brukarutval. Leiar og nestleiar uttrykker at det ikkje er ønskjeleg å gjøre endringar for komande periode, det må gjerast ei utgreiing på førehand. I tillegg løfter Regionalt brukarutval fram følgjande moment:

- FFO har 4 brukarorganisasjonar innan kreftområdet som medlemsorganisasjonar.
- Medlem i Regionalt brukarutval skal alltid representere heilheita.
- Ordninga som har vore med å rekruttere frå paraplyorganisasjonane har vore ein tenleg "grunnmur".

Konklusjon

Dagens oppnemning av medlemmene i brukarutvalet sikrar ein rimeleg god brukarrepresentasjon.

Det er likevel slik at både store og mindre organisasjonar kan føla at dei ikkje er tilstrekkeleg representerte.

Det blir føreslått at brukarutvalet for perioden 2010-2012 blir sett saman som føreslått frå organisasjonane og eldreråda.

Fram til neste oppnemning blir det i samarbeid med brukarutvalet gjort ei vurdering av systemet for oppnemning og særleg korleis rusområdet kan bli betre representert og om store organisasjonar utanom samanslutningane som til dømes Kreftforeningen skal ha eigen representasjon.